

Brukarperspektiv på fleirspråklegheitsdidaktikk – med døme frå Danmark og Noreg

Berit H. Blå, Høgskolelektor, Framandspråksenteret

Artikkelen *Mehrsprachigkeitsdidaktik im frühen DaF-Unterricht in Dänemark und Norwegen – Lehrer- und Schülerperspektiven* tek for seg tysk som framandspråk og er skriven på tysk av Petra Daryai-Hansen, Beate Lindemann og Heike Speitz. Artikkelen blei publisert i det vitenskaplege tidsskriftet *German as a foreign language* i 2019. Studien tek for seg resultatata frå Nordplus Horizontal-prosjektet «Developing Early Foreign Language Learning and Teaching in the Nordic/Baltic Context» (2016–2018), og i denne teksten ser vi på kva kunnskap lærarar og elevar har om fleirspråklegheit og fleirspråklegheitsdidaktikk, og kva innstilling dei har til dette. Artikkelen begynner med å gi oss eit innblikk i forskingsfeltet og ser så på kor nærverande temaet er i læreplanverket til dei to landa. Så konsentrerer

artikkelen seg om dei involverte i den konkrete skulekonteksten. For å få samla inn data blei det gjennomført fokusgruppeintervju med elevar og langsiktige spørjeundersøkingar med lærarar.

Forfattarane konkluderer i artikkelen med at elevane oppfattar fleirspråklegheit som ein ressurs, og at dei er nysgjerrige på språk og motiverte for vidare språklæring. Elles er ein òg samstemte i ønsket om å lære å kommunisere på målspråket. Lærarperspektivet i studien vitnar om at skulepolitisk implementering på langt nær er nok for å få ei fullverdig utnytting av fordelane med fleirspråklegheit. Kompetanseutvikling av lærarar bidreg i større grad til fleirspråklegheitsdidaktiske vurderingar og aktivitetar, men sikrar ikkje ei fullgod

verkeleggjering av dei underliggjande prinsippa. Undersøkinga poengterer til slutt at det å ha konkret materiell tilgjengeleg kan bøte på utfordringar ein kan møte på grunn av tidsnød og manglande kunnskap om andre språk enn engelsk og dei offisielle språka i dei undersøkte landa.

Materiell for konkret didaktisk arbeid med fleirspråklegheit i fransk- og tyskopplæringa: sjå Communicare 2018 s. 17–21 og s. 22–26